



Anne Elisabeth Fosse
 Radøyvegen 287 A
 5911 ALVERSUND
ae-fosse@online.no



Remme 06.02.15

Lindås kommune

Byggesak



Søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF for g.nr 131, br.nr 4 på Remme i Lindås kommune

Det vert vist til tidlegare korrespondanse vedk. søknad om oppføring av reiskapshus/driftsbygg,

Vi viser til tidlegare innsendt kartutsnitt, som viser areal fulldyrka jord, overflatedyrka jord, innmarksbeite og skog på bruket samt plassering av nybygg.

Fra vi overtok gardsbruket i 2005, (og før den tid), er bruket halde i hevd gjennom årleg fullverdig slått av all innmark og tidvis utleige av beiteareal, sanering av overmoden skog samt matauk fra bær, frukt og åker til eige forbruk.

I tillegg til dette bruket eig ektemannen, Kurt Kalnes, landbrukseigedom i Radøy kommune g.nr 85, br.nr 5.

Alt utstyr som traktorar, forhaustar, vogner og liknande treng sårt å komma under tak.

Vidare er det planen å starte vedproduksjon i bygget då det er god tilgang på skog på begge bruken. Til dette har vi også ein del utstyr som skal på plass.

Ein tek og sikte på å kunne nytta areal i bygget til andre føremål i drifta.

Ein del av utstyret som har vore brukt er nokså nedslite av «tidens tann» og vil snart krevja nyinvesteringar. Dei fleste vil skjøna at dette er økonomisk uhaldbart dersom utstyret ikkje kan takast vare på på forsvarleg vis. Alternativet vert då at eigedomen gror att.

Vi vil be Lindås kommune på ny vurdere om det er naudsynt å sende denne søknaden på høyring. Ein antar at dette er ei «enkel» sak som må høyre inn under kommunens avgjerdområde då det omsøkte bygget ikkje legg beslag på ein einaste kvadratmeter jordområde.

Med helsing



Anne Elisabeth Fosse